



Gjermund Fredheim (t.h.) og Cato Løland fekk kvart sitt stipend på 50.000 kroner (foto: Magne Fitjar).

**Ifjor var Mona Vetrhus ein av dei som fekk utdelt kulturstipend. Også i år var ein av vinnarane frå Uskedalen. Gjermund Fredheim fekk eit velfortent stipend på kr 50.000,-.**

Gjermund Fredheim og Cato Løland fekk kvar eit stipend på kr 50.000, medan det for heidersmannen Leif Thuland vanka bukett og bilete.

Presentasjonen av det Leif Thuland har hatt fingrane i opp gjennom åra ga eit fint bilete av ein mann med sans for fellesskapet, og vart teikna av Karin Thauland, medlem av tildelingskommiteen, kultursjef Kristian Bringedal, ordførar Synnøve Solbakken, forslagstillar Arne Gjerde, Sveinung Grønstøl frå Sørøst og medaktivist i Landsforeninga for hjarte- og lungesjuka (LHL), Sven Tuastad.

– Leif Thuland har stilt på så mange ting at det truleg er lettare å fortelja kva han ikkje har vore med på, meinte Arne Gjerde.

– Og Thuland har fått oppkalt ein institusjon etter seg, Thulandheimen på Sørøst; noko liknande har verken eg eller Kristian Hus greidd! slo Bringedal fast.

Forutan å ha æra for denne rehabiliteringsavdelinga med det populære namnet, har Thuland vore aktiv pådrivar for Husnes båthamn, toalett i Borvika, restaurering av Postvegen, opparbeiding av Golfbanen og dansekveldar kvar måndagskveld i vinterhalvåret, og mykje mykje meir, kunne dei som tok ordet fortelja.

– Det er hyggjeleg at ein innflyttar kan bidra med noko positivt også! kom det ironisk frå innflyttaren Karin Thauland. Leif Thuland kom til Kvinnherad på grunn av Sørøst, frå Sunnfjord.

– Eg er svært takksam for denne prisen, men må senda honnøren vidare, først og fremst til kona, men òg til alle dei eg har møtt på min veg, sa Thuland då han takka for prisen, og la til:

– Eg er så kry av 'an!

#### **Framtida er kultur**

Grethe Solheim frå SpareBank 1 Kvinnherad, ein av aktørane bak Kulturstipendet, sa at stipendet skulle stimulera til nyskaping og kreativitet og bidra til at kulturbaserte næringar får større fotfeste.

– Det er klart vi vonar dei skal etablera seg her heime! sa Solheim om dei to stipendmottakarane. – For som lokal bank er vi opptekne av lokal verdiskaping.

– Faktisk er det alt slik at kulturnæringa sysselset fleire enn skipsbyggjeindustrien, så det skulle berre mangla at vi ikkje satsar på dette! slo Solheim fast.

Eli Haugan frå Kulturskulen hadde vore i Bergen og sett på fotokunsten til Cato Løland frå Sandvoll:

– Oj, det er jo Cato! var hennar umiddelbare reaksjon på å sjå bilete av sin tidlegare musikkskuleelev der.

Cato Løland er no i ferd med mastergraden ved Kunsthøgskulen i Bergen, og vil bruka stipendmidlane på å utforska temaet identitet og oppvekst, i den spennande metropolen Ny York.

Dag Eirik Eikeland frå Sunnhordland Kraftlag (SKL) presenterte Gjermund Fredheim frå Uskedalen. Med orda til ein lærar ved Griegakademiet, der guten går, kunne han fortelja at Gjermund Fredheim, med sin klassiske gitar, tilhøyrrer eliten mellom norske musikalske talent i dag. Dette kunne vi som publikum konstatere under gitarinnslaget til slutt, der Fredheim tolka variasjonar av ein moldovisk folkemelodi av Krause.

Gjermund Fredheim vil bruka stipendmidlane til å studera vidare under ein kjend gitarist i Barcelona, i heimlandet til den klassiske gitaren. Men gitaristen meistrar elgitaren òg, og har spelt i fleire band.

– Det vil stå nye talent i kø framover! sa Kristian Bringedal ved presentasjonen av to unge talent frå Åkra, Louise Årthun Bergane (13) og Anna Vågen (14). Eit nydeleg samspel mellom dei to jentene, den første på piano, den andre med song, tyder på at Bringedal har rett.

*Hush now, don't explain, you're my joy and pain!* kom det klokkeklart.

Ordfører Synnøve Solbakken hadde på seg den mektige kjeda for Kongeriket Kvinnherad og delte ut heider med varme smil og fast hand, før ho hasta vidare til ei fotballtilstelling i Rosendal.

Og det gjorde visst òg to bladfykar som ikkje fekk mat.

-Magne Fitjar

[Innsida.no](https://www.innsida.no)